




ETISKE RETNINGSLINER FOR FOLKEVALDE OG TILSETTE

Suldal kommune er ansvarleg for grunnleggjande velferdstenester og forvaltar store ressursar på vegne av fellesskapet. Kommunen er gitt stor makt som forvaltar av ei rekke lover og forskrifter. Det er difor viktig at handlingane til folkevalde og tilsette gjenspeglar høgt etisk medvit. Eit fungerande lokaldemokrati føreset innbyggjarane si tillit.



FØREMÅL

Etiske retningslinjer skal vera ei etisk norm for politisk arbeid og arbeid utført av tilsette i Suldal kommune.

Suldal kommune vil leggja vekt på at gode etiske grunnhaldningars skal prega verksemda i organisasjonen. Dette for å skapa eit godt tillitsforhold mellom tilsette, folkevalde og innbyggjarar.

1. LOVVERK, INTERNE REGLEAR OG VEDTAK SKAL FØLGJAST

Suldal kommune legg stor vekt på ærleg og open framferd i all si verksemd. Både folkevalde og tilsette har ansvar for å etterleva dette prinsippet. Som forvaltar av samfunnet sine felles midlar vert det stilt særskild høge krav til den einskilde sine haldningars i si verksemd for kommunen.

Alle pliktar å vera lojale mot lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen si verksemd. Det er også forventa at alle held seg lojalt til dei vedtaka som er fatta.

2. DET ER EIT FELLES ANSVAR Å BYGGJA TILLIT

Folkevalde og tilsette er viktige for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen. Dei skal difor ta aktiv avstand frå, og kjempa mot, uetisk forvaltningspraksis.

3. KOMMUNEN SKAL FØLGJA GOD FORVALTNINGSSKIKK

Sakshandsaminga skal vera open og redeleg. Suldal kommune følgjer prinsippet om meiroffentlegheit i forvaltinga. Dei tilsette skal opptre profesjonelt og i tråd med god forvaltningsskikk. Alle innbyggjarar skal handsamast likeverdig.

Forrulege opplysningar som blir mottekte i samband med handsaming av saker i kommunen, må respekterast og ikkje nyttast til personleg vinning.

All informasjon som blir gjeven i samband med arbeid eller verv for kommunen, skal vera korrekt og påliteleg og ikkje med vitande vilje gjevast ei uklar formulering.

4. TILSETTE OG FOLKEVALDE SKAL HA EIT VAKE AUGE FOR HABILITET OG INTERESSEKONFLIKTAR

Den einskilde har plikt til å melda frå til overordna eller utvalsleiar/ordførar dersom det er grunn til å tru at det kan stillast spørsmål ved habiliteten til vedkommande.

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå å koma i situasjoner som kan føra til konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser. Dette gjeld også tilfelle som ikkje blir råka av habilitetsreglane i forvaltningslova.

Døme på slike moglege interessekonfliktar kan vera:

- Forretningsmessige tilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer.
- Løna bistilling/arbeid som kan påverke arbeidet i kommunen.
- Engajement i interesseorganisasjon eller politisk verksemd som vedkjem tilhøve som den einskilde arbeider med i kommunen.

- Personlege økonomiske interesser som kan føre til at vedkomande kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til den kommunale verksemda.
- Familiære og andre nære relasjoner.

5. DEI TILSETTE SKAL OPP TRE LOJALT

Kommunen sine tilsette pliktar å følgje dei rettslege og etiske reglar og retningslinjer som gjeld for verksemda, samt å etterfølgje pålegg frå overordna. Tilsette kan likevel aldri bli plikta til å følgje pålegg om å gjera noko ulovleg eller uetisk (sjå punkt 7).

Kritikkverdige tilhøve skal takast opp tenesteveg. Dersom næreste leiar viser motvilje mot å ta saka vidare, kan den tilsette venda seg til næreste overordna for eigen leiar.

Dei tilsette har ikkje høve til å fremja sine tenestelege forhold direkte for kommunen sine folkevalde med sikte på å omgå normal tenesteveg.

Tillitsvalde og verneombod har ansvar for - og plikt til - å fremja eventuelle klagemål på vegne av einskildmedlemmar og organisasjonen på ein høveleg måte. Dei tillitsvalde og verneomboda si uttalerett blir utifrå dette større enn for andre arbeidstakrar. Samstundes har dei tillitsvalde og verneomboda eit medansvar for å ta vare på samarbeid og arbeidsmiljø, noko som i ein skilde tilfelle kan føre til at ytringsfridomen blir redusert.

Det skal utvisast varsemd med å gje uttalar som skaper, eller kan vera eigna til å skape, tvil om den politiske avgjerdssprosessen.

6. FOLKEVALDE SKAL VERA MEDVITNE SI ROLLE SOM REPRESENTANT FOR KOMMUNEN

Folkevalde må vera seg medviten si rolle og sitt kollektive ansvar som arbeidsgjevar. Det føreset at dei kommuniserar med respekt overfor tilsette og overfor kvarandre på tvers av partigrenser.

Dei folkevalde har eit særleg ansvar for å tydeleggjera og skapa aksept for etisk forsvarleg åtferd, og leggja rammene for ei god praktisering av dette. Folkevalde bør venda seg til ordførar ved alle typar tvilstilfelle.

Dei folkevalde har eit sjølvstendig ansvar for å omtale kommunen og dei tilsette på ein redeleg måte.

7. TILSETTE HAR PLIKT OG RETT TIL Å VARSLA

Arbeidstakar har plikt og rett til å varsle om kritikkverdige forhold i Suldal kommune (jf. AML § 2-4). Kritikkverdige forhold er saker som er uetiske, lovstridige eller som kan true liv eller helse. Eit særskild ansvar har tilsette som observerer forhold som kan føre til fare for brukarane si tryggleik.

Varsling skal først skje til næreste leiar, og deretter dersom dette ikkje blir følgt opp, til overordna leiar/personalsjef eller hovudverneombod/tillitsvalt.

8. TILSETTE SKAL HA VERN MOT STRAFF FOR Å HA VARSLA

Ein tilsett som varslar skal vera verna mot gjengjelding frå verksemda (jf. AML § 2-5). Det blir føresett at varslinga ikkje er i strid med annan lov og gjort i tråd med punkt 7.

9. KOMMUNEN SKAL HA EIT GODT ARBEIDSMILJØ UTAN MOBBING OG DISKRIMINERING

Mobbing eller trakassering av kollegaer skal ikkje førekoma. Tilsette har eit ansvar for å gripe inn eller varsle nærmeste leiari dersom dei oppdagar at kollegaer blir mobba på arbeidsplassen. Når nærmeste leiari opptrer uakseptabelt, skal saka om nødvendig bringast til neste nivå.

Suldal kommune er i mot ei kvar form for diskriminering, og ventar at folkevalde og tilsette bidrar til å verkeleggjera denne haldninga.

10. DET SKAL VISAST VARSEMD I HØVE GÅVER OG ANDRE FØREMON

Folkevalde og tilsette i Suldal kommune skal seia nei til personlege føremoner som kan påverka, eller vera eigna til å påverka, dømekrafta i det arbeidet ein gjer.

Døme på slike moglege personlege føremoner kan vera:

- Gåver som er av ein slik art at dei kan påverka, eller vera mistenkt til å påverka, ei avgjerd. Dette gjeld likevel ikkje blomar, konfekt eller liknande i ein samanheng kor slik merksemld er naturleg. Ved tvil skal saka leggjast fram for nærmeste overordna. Gåver som ikkje kan mottakast, skal returnerast avsendar med forklaring.
- Utnytte kommunale rabattordningar for å oppnå eigne føremoner i samband med personlege innkjøp. Gjestfridom og representasjon utover det som er vanleg i samarbeid og utveksling av informasjon. Det må ikkje vera slik at det påverkar avgjerdssprosessen eller kan gje andre grunn til å tru det.
- Reiseutgifter i fagleg samanheng skal dekkast av kommunen. Unntak kan berre skje etter eige vedtak fatta av rådmannen.

Dersom avdelingar blir tilbode gåver frå firma eller privatpersonar skal det klargjerast med rådmannen at desse kan takast i mot.

Tilsette kan ikkje motta testamentariske gåver frå brukarar av kommunen sine tenester, t.d. omsorgstenester, når dette har samanheng med arbeidet i kommunen.

11. KOMMUNEN SINE RESSURSAR OG VERDIAR SKAL VERNAST OM

Bruk og lån av kommunen sine bilar, maskinar og anna utstyr av ulikt slag skal berre skje i samsvar med eigne fastsette retningslinjer. Det same gjeld for kjøp. Materiellet kan berre nyttast til privat bruk og ikkje næringssamanheng, jf. pkt. 3. Ved alt lån av utstyr skal lånar dekkja eventuelle utgifter. Retningslinene gjeld for alle folkevalde og tilsette i kommunen.

12. EIN SKAL VERA VARSAM NÅR DET BLIR NYTTA KOMMUNIKASJON I SOSIALE MEDIUM

Dei sosiale media utfordrar den einskilde ekstra på å vera medviten sin eigen kommunikasjon, og tilsette skal vera seg bevisst at dei kan bli oppfatta som kommunale tilsette også når ein ytrar seg om sine saksområde i sosiale media.

Tenesteområda kan laga eigne retningslinjer for bruken av sosiale medium.